

Nynorsksenteret med fagdag på skulen

29.01.2013

Det er Nynorsksenteret i Volda som har ansvaret for programmet under fagdagen som vert skipa til på skulen i Uskedalen fredag, Senteret har i fleire år støtta skulen med ressursar knytta til prosjekt og høgskulelektorane Liv Kristin Bjørlykke Øvereng og Marit Wadsten kjem til fagdagen. Inntil i ettermiddag hadde det meldt seg vel 20 deltakarar. Dei kom frå den vidaregåande skulen, Mauranger og Malmanger og det er plass til fleire.

Kurset høver godt for alle tilsette - også for dei som arbeider med spesialpedagogikk.,

Nynorsksenteret er eit nasjonalt ressurscenter for nynorsk i grunnsopplæringa og barnehagen. Det vart skipa i 2005.

Senteret legg vekt på å utvikle metodar og arbeidsmåtar som kan vere med på å skape språkkompetanse og motivere for arbeid med nynorsk.

Gode røynsler skal systematiserast, prøvast ut og spreia gjennom kurs, seminar, skriftleg materiale og vevsida til senteret, heiter det i presentasjonen.

Fagdagen har 'Kreativ skiving' som overskrift og Bjørlykke Øvereng skal svare på spørsmålet 'Kvifor kreativ skiving?'. Wadsten vil leia ein undervegs vurdering og til slutt vert det oppsummering og diskusjon. Det vert to skriveøkter denne dagen.

Av Ola Matti Mathisen